# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 11. november 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** **5/19**
**TID:** **18.11.2019 kl. 09:30**
**STED:** **Kommunestyresalen, Aukra kommunehus**

**SAKSLISTE:**

| UTV. SAKSNR. | TITTEL |
|---|---|
| PS 32/19 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.SEPTEMBER 2019 |
| PS 33/19 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 34/19 | BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2019-2023 |
| PS 35/19 | BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2019-2023 |
| PS 36/19 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 37/19 | EVENTUELT |

**Praktisk informasjon og opplæring vil vere hoveddelen av dette møtet.**
**Dette ligg inne i sak 33/19 Referat og orienteringar.**

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 14 52, evt. mobil 991 60260.
E-post: sveinung.talberg@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Sveinung Talberg (s)
rådgjevar

**Kopi:**
Ordførar
Rådmann
Møre og Romsdal Revisjon IKS

**AUKRA KOMMUNE**
**Kontrollutvalet**

| | |
|---|---|
| Saksmappe: | 2019-1547/05 |
| Arkiv: | 033 &17 |
| Saksbehandlar: | Sveinung Talberg |
| Dato: | 23.10.2019 |

## Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 32/19 | Kontrollutvalet | 18.11.2019 |

### GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.SEPTEMBER 2019

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 25. september 2019 vert godkjent.

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer protokollen fra forrige møte. Protokollen frå møtet vart sendt ut til medlemmane etter møtet. Det framkom ikkje merknader til protokollen.

Til å signere protokollen frå 25. september vart valt:
1. Jørgen Svenheim
2. Håkon Inge Sporsheim

Protokollen er utsendt disse til elektronisk godkjenning.

Protokoll frå forrige møte vert formelt godkjent i møte 18.11.2019.

Sveinung Talberg
Rådgjevar

# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| Møte nr: | 4/19 |
| Møtedato: | 25.9.2019 |
| Tid: | Kl. 09.30 – kl. 16.05 |
| Møtestad: | Kommunestyresalen, Aukra kommunehus |
| Sak nr: | 21/19 – 31/19 |
| Møteleiar: | Oddvar Hoksnes, leiar (Krf) |
| Møtande medlemmer: | Ole Rakvåg, nestleiar (Uavh.) (frå kl. 1030)<br>Oddbjørg Sporsheim (V)<br>Håkon Inge Sporsheim (Frp) |
| Forfall: | Wilhelm Andersen (Ap) |
| Ikkje møtt: | Ingen |
| Møtande vara: | Jørgen Svenheim (Sp) |
| Frå sekretariatet: | Jane Anita Aspen, daglig leder |
| Frå revisjonen: | Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor (sak 21/19-24/19, samt sak 30/19)<br>Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor (sak 23/19) |
| Av øvrige møtte: | Ingrid Husøy Rimstad, rådmann (sak 23/19 og OS 11/19-OS 12/19)<br>Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift (sak 23/19 og OS 11/19-OS 12/19)<br>Erna Varhaugvik, økonomisjef (OS 12/19)<br>Tora Gundersen, avdelingsleiar Aukra Omsorgssenter (sak 23/19)<br>Nina Kristin Tomren, einingsleiar heimetenester (sak 23/19)<br>Bernhard Riksfjord, ordførar (r sak 23/19 og OS 11/19-OS 12/19, samt sak 30/19) |

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Det vart framsett forslag om at sak 23/19 vart handsama etter sak 21/19, vidare orientering knytt til OS 11/19 og 12/19 og behandling av sak 30/19. Sak 22/19 vart ferdigbehandla etter sak 29/19.

Innkalling og sakliste vart godkjent med denne endringa.

Ole Rakvåg var ikkje tilstades under behandling av sak  21/19 og sak 23/19.

## TIL HANDSAMING:

| UTV. SAKSNR. | TITTEL |
|---|---|
| PS 21/19 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 6. MAI 2019 |
| PS 22/19 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 23/19 | FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «BRUKERMEDVIRKNING INNEN PLEIE OG OMSORG» |
| PS 24/19 | KOMMUNIKASJONS/-REVISJONSPLAN 2019 |
| PS 25/19 | VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2018 |

| | |
|---|---|
| PS 26/19 | KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODEN 2015-2019 |
| PS 27/19 | REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I AUKRA |
| PS 28/19 | FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE 2020 |
| PS 29/19 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 30/19 | EVALUERING AV ARBEIDET I KONTROLLUTVALET VALPERIODEN 2015-2019 |
| PS 31/19 | EVENTUELT |

| PS 21/19 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 6. MAI 2019 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 6. mai 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:
1. Oddvar Hoksnes
2. Oddbjørg Sporsheim

Til å signere protokollen frå møte 25. september 2019 vert valt:
1. Jørgen Svenheim
2. Håkon Inge Sporsheim

**Kontrollutvalet si handsaming**

Oddvar Hoksnes og Oddbjørg Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Sidan dette er siste møte for sitjande kontrollutval, så vert det fremja forslag om å føre til følgjande til vedtaket:

*Til å signere protokollen frå møte 25. september 2019 vert valt:*
*1. Jørgen Svenheim*
*2. Håkon Inge Sporsheim*

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

**Sekretariatet si tilråding:**

Protokollen frå møte 6. mai 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:
1. xx
2. xx

| PS 22/19 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming**

**Referatsaker:**

RS 23/19 **Tilsyn -Aukra kommune Pleie og Omsorg, heimetenesta open omsorg**, melding om at (2) pålegg er oppfylt, Brev frå Arbeidstilsynet datert 5.2.2019 til Aukra kommune.

RS 24/19 **AMU – Møteinnkalling 11.6.2019**.

RS 25/19 **AMU – Protokoll 11.6.2019**.

RS 26/19 **Val av revisjonsordning, Val av revisor** Særutskrift, Aukra kommunestyre 18.6.2019 sak 37/19.

RS 27/19 **Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023,** brev datert 1.7.2019 frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) til kommunane.

RS 28/19 **Innkalling til stiftingsmøte Møre og Romsdal Revisjon SA 23.8.2019**, brev datert 9.8.2019, samt forslag til vedtekter.

RS 29/19 **Nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**, Særutskrift, Aukra kommunestyre 27.8.2019 sak 50/19.

RS 30/19 **Rapportering finansforvaltning pr 30.04.2019 –** Rådmannen sitt saksframlegg og rapport til kommunestyret 27.8.2019, K-sak 56/19.

RS 31/19 **Protokoll fra styremøte Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 4.9.2019**.

RS 32/19 **AMU – Møteinnkalling 27.9.2019**.

**Orienteringssaker:**

OS 11/19 **Oppfølging av politiske vedtak**

Utvalet har bede om statusrapport frå arbeidet med rapporten som Miljøfaglig Utredning AS på Tingvoll skulle lage; 1. Forvaltningsplan for Aukraskogen, 2. Gjennomgang av leplanting.

Sekretær opplyste at «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen'» vart lagt ut på høyring etter at møtedokumenta var sendt ut, med høyringsfrist 11.10.2019.

OS 12/19 **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

Utvalet har bede om ein ny statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane.

Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte utvalet.

Økonomisjefen orienterte om at leiargruppa har fått gjennomgang av kva som er deira ansvar, bl.a. kravet til klare delegasjonar. Det er ikkje kvalitetssikra at dette er følgt opp av leiarane.

Det vert jobba med å få på plass elektroniske rekvisisjonar, samt å ta i bruk ein «Bestillar App». Dette er ein App der dei tilsette kan melde inn behov for varebestillingar, men der det er færre personar som har tilgang til å utføre bestillinga. Ein har starta opp med å innføre dette i Heimetenesta og Institusjonstenesta, og så skal det vidareførast i resten av organisasjonen.

Økonomiavdelinga har tilgang på eit analyseverktøy (BI). Her kan ein ta ut oversikter til hjelp i arbeidet med å kontrollere at det ikkje vet gjort innkjøp frå leverandørar utan avtale. Det vert jobba med å få på plass dette som ei fast kontrolloppgåve.

Det vert også innført eit nytt elektronisk system for å dokumentere anbodsprosessar (for innkjøp over 1,2 mill. kroner). Systemet skal takast i bruk frå nyttår, og ROR-Innkjøp tilbyr opplæring i bruk av programmet.

Erna Varhaugvik opplyser at kommunen ikkje er kome lenger når det gjeld organisering av innkjøpsarbeidet. Som det er informert til kontrollutvalet tidlegare, så er ønskje om å etablere ein sentral innkjøpseining i kommunen. Dette vert vurdert som tenleg, men det er krevjande å få det til økonomisk.
Bruk av e-handel er stigande, men Varhaugvik opplyser at ein ikkje er der ein ønskjer enno.

Økonomisjef Erna Varhaugvik og rådmann Ingrid Husøy Rimstad svarte på spørsmål undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| PS 23/19 | FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «BRUKERMEDVIRKNING INNEN PLEIE OG OMSORG» |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «**Brukermedvirkining innen pleie og omsorg»** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:

    - Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta.
    - Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei.
    - Aukra kommune skal etablerer eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år.
    - Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen starta med å presentere metode, funn og tilrådingar i rapporten.

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad seier at dei tek alle forvaltningsrevisjonar og tilsyn på alvor, då det er ei hjelp til å sjå kva ein kan bli betre på. Dette vert også understreka av einingsleiar frå heimetenestene, Nina Kristin Tomren og avdelingsleiar ved Aukra omsorgssenter Tora Gundersen.

Frå utvalet vert det understreka at rapporten revisjonen har laga er grundig og viser i stor grad at kommunen har det formelle systemet for brukarinvolvering på plass. Dette er positivt. Utvalet er difor noko undrande til kvifor det vert opplevd at det er ein del uro-meldingar frå pårørande. Kvifor er det slik, når systemet eigentleg ser ut til å vere på plass?
Det vil nok vere nyttig å få på plass systematiske brukarundersøkingar, og bruke resultata frå desse.

Forvaltningsrevisor Lillan Reder Kristoffersen, rådmann Ingrid Husøy Rimstad, einingsleiar heimetenester Nina Kristin Tomren, avdelingsleiar ved Aukra omsorgssenter Tora Gundersen og kommunalsjef drift Jan Erik Hovdenak kommenterte rapporten og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

| | |
|---|---|
| **PS 24/19** | **KOMMUNIKASJONS/-REVISJONSPLAN 2019** |

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2019 til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ronny Rishaug presenterte planen og svarte på spørsmål frå utvalet.
Rishaug nemner at revisjonen også vil følgje særskilt med på kommunen si rolle i forhold til det nye eigedomsselskapet som skal etablerast, sjølv om dette ikkje er nemnt særskilt i planen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| | |
|---|---|
| **PS 25/19** | **VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2018** |

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av dokumentet «Kontrollutvalet sitt tilsynsansvar 2018»

Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hatt revisjonsåret 2018, har vore forsvarleg.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretær kommenterte kort kva vurderinga er basert på.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| PS 26/19 | KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODEN 2015-2019 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner vedlagte rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 som vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet hadde ingen forslag til endringar i sekretariatet sitt utkast til rapport.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| PS 27/19 | REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I AUKRA |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet vedtek forslag til **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune, slik det går fram av vedlegg til saka.** Saka vert lagt frem for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kommunestyret godkjenner **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune**

**Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretæren gav utvalet ei orientering om dei viktigaste endringane som er gjort i forhold til tidlegare reglement.

Utvalet drøfta utkastet, og då særleg endringane i § 2 Val- og samansetting. Kontrollutvalet støttar sekretariatet sitt utkast til reglement.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| PS 28/19 | FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE 2020 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2020 med ei ramme på kr 995 800.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet hadde ingen forslag til endringar i sekretariatet sitt utkast til budsjett.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| PS 29/19 | OPPFØLGINGSLISTE |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Oppfølging av politiske vedtak**
Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.
**25.09.19:** Sekretær opplyste at «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» vart lagt ut på høyring etter at møtedokumenta var sendt ut, med høyringsfrist 11.10.19.

**Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**
Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.
**25.09.19**: Utvalet fekk i dagens møte framlagt møteinnkalling AMU 11.06.19 (RS 24/19), protokoll frå AMU 11.06.19 (RS 25/19)og møteinnkalling til AMU 26.09.19 (RS 32/19).

**Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**
Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.
Tilrådingane var knytt til følgjande områder:
-Tiltak for etterleving av regelverket
-Anskaffingar etter regelverket
-Bruk av rammeavtalar
-Organisering av området
Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kunne behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.
**25.09.19**: Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 12/19.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det orientering frå administrasjonen knytt til følgande sak er på oppfølgingslista:

- **Oppfølging av politiske vedtak.**
- **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

Det vart ikkje sett frm forslag om å søre nye saker opp på oppfølgingslista:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding til vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

| PS 30/19 | EVALUERING AV ARBEIDET I KONTROLLUVALET VALPERIODEN 2015-2019 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i Aukra kommune i valperioden 2015-2019 vert lagt fram for nytt kontrollutval.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet hadde invitert rådmann og ordførar til å delta i evalueringsarbeidet.
Ordførar Bernhard Riksfjord, deltok i møtet under evalueringa, rådmannen var ikkje tilstades.
Oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug var også tilstades.

Utvalet og ordførar gjekk gjennom evalueringsskjemaet i lag.

1. Utvalet meiner at møta blir gjennomført på ein engasjerande måte, men dei ser at dei kunne vore meir effektive. Her har alle utvalsmedlemmene eit ansvar, både møteleiar og dei som bed om ordet. Møta kan vere svært lange.
2. Utvalet vurderer at talet på møter kanskje kunne vore auka til 6 møter. Engasjement i utvalet genererer mange saker.
3. Synspunkta rundt bordet kjem fram.
4. Kontrollutvalet vurdere at dei klarer å utfylle kontrollfunksjonen, med god støtte frå revisjon og sekretariat. Ordførar gjev utrykk for at det er eit forbetringspotensiale i forhold til at utvalet må halde seg til sitt ansvarsområde.
5. Utvalet vurderer at utvalet har tilstrekkelege økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte.
6. Utvalet opplever å få positive tilbakemeldingar i frå kommunestyrerepresentantar på arbeidet dei gjer. Ordførar framhevar at saker som kjem frå kontrollutvalet har brei einigheit i kommunestyret når vedtak skal fattast.
7. Det er stort sett forståing for kva rolle og ansvar kontrollutvalet har. Utvalet oppmodar ordførar til å peike på kontrollutvalet si rolle i kommunestyremøta, når saker frå kontrollutvalet er til behandling. I nokre tilfelle kan det vere naudsynt at kontrollutvalet kallar inn rådmann for å undersøke handtering av ei sak. Ved slike høver kan det, om ordførar også skal vere tilstades i møte, vere ein fordel om utvalet og ordførar har samsnakka på førehand.
8. Rolle og ansvarsfordeling mellom kontrollutval, kommunestyret og administrasjonen er stort sett klår.
9. Kontrollutvalet er blitt synlegare på den nye heimesida til kommunen, men utvalet skulle helst vore ført opp som eit møte i den same møteplanen som dei andre utvala. Det skulle også vore ei rettleiing til innbyggjarane om korleis dei kan kontakte kontrollutvalet.
10. Dersom utvalet skulle vurdere å gjere meir av noko, så var det kanskje verksemdsbesøk ute i einingane.
11. Samhandlinga med revisor fungere bra. Utvalet vurderer at det har vore ei betydeleg kvalitetsforbetring i revisjonen i løpet av valperioden. Revisor set pris på eit aktivt utval som gir gode innspel, då vert revisjonen også betre.
12. Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll fungerte bra.
13. Samhandlinga med sekretariatet fungerer bra.

14. Kvaliteten på kontrollutvalet sine sakspapir og munnlege presentasjonar er bra.
15. Utvalet set pris på at protokollane er informative. Utvalet skulle også ønske at kommunestyreprotokollane hadde meir informasjon frå orienteringar som er gitt til kommunestyret. Ordførar synes ikkje det er naudsynt å referere frå orienteringar i protokollar, protokollane treng berre å innehalde vedtaka.
16. Oppfølging av kontrollutvala sine vedtak fungerer bra, her er kontrollutvalet si oppfølgingsliste til god hjelp.
17. Forbetringstiltak som utvalet ser, er å få til meir effektive møter.
18. Utvalet har fått ganske mange henvendingar frå innbyggjarar og tilsette i Aukra kommune, men ikkje frå folkevalde. Alle henvendingar vert handsama seriøst. Men ved nokre høver får dei tilbakemelding om at utvalet ikkje kjem til å følgje opp saka, fordi den ligg utafor utvalet sitt ansvarsområde (for eksempel klagesaker). Men då får ein informasjon om kva som er rette instans å vende seg til. Utvalet har eit systemperspektiv og går difor sjeldan inn i enkeltsaker. Men informasjonen blir brukt for å undersøke om det er svikt i rutinar eller system. Det kan vere behov for å informere innbyggjarane meir på heimesida om kva kontrollutvalet kan gjere og ikkje kan gjere.
19. Folkevaltopplæringa til det nye kontrollutvalet bør innehalde
    - Rolle og ansvarsfordeling mellom kontrollutval, kommunestyre, administrasjon og innbyggjarar.
    - Eksempel på saker som kontrollutvalet vil få til behandling
    - Rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.
20. Rådmannen har stadfesta at kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer skal få delta på kommunestyret si folkevaldopplæring. Kontrollutvalet si rolle og ansvar bør presenterast her. Sekretariatet har i brev til kommunen tilbydd å bidra i denne opplæringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| **PS 31/19** | **EVENTUELT** |
|---|---|

**Mitt første møte med eldreomsorgen i Aukra kommune**
Kontrollutvalet har motteke eit brev datert 3.9.2019 frå ein pårørande til ein brukar, vedlagt eit varsel om falsk journalføring.

<u>Kontrollutvalet si behandling</u>
Då brevet inneheld teiepliktig informasjon jf. FVL. § 13 1. ledd pkt 1. jf. off.l. § 13 vart det framsett forslag om å lukke møtet under gjennomgang av informasjonen og møtebehandlinga, jf. Kommunelova § 31 pkt. 2.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag om å lukke møtet under handsaming av saka (5 voterande)

Sekretariatet delte ut brevet og det vart satt av tid til gjennomlesing.
Det vart diskutert innhaldet og utvalet var einig om at dette var ei sak som kontrollutvalet burde følgje opp vidare. Utvalet diskuterte framgangsmåte.

<u>Konklusjon</u>
1. Kontrollutvalet bed rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding om
    - Korleis er varsel om falsk journalføring, datert 3.9.2019 handtert?
    - Kva tiltak er foreslått?
    - Kven har handtert varselet?

I tillegg ønskjer kontrollutvalet at det nye utvalet får ein presentasjon/demonstrasjon av avvikssystemet som kommunen nyttar.

2. Sekretariatet, i samarbeid med utvalsleiar, sikrar at den pårørande som kontakta kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakemelding som inneheld følgjande:
    - Informasjon om kva kontrollutvalet har bede rådmannen om i forhold til handtering av varselet.
    - Spørsmål om informasjonen i brevet er formidla til tenesteytarane, då dette er nyttig informasjon som dei bør vere kjent med.
    - Informasjon om forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg»
    - Informasjon om høve til å klage på helsetenester.

Sekretær samla inn papira for makulering og møtet vart opna att.

**Innspel til arbeidet med overordna analyse for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Aukra kommune**
Innan utgangen av 2020 skal Aukra kommunestyre vedta ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. Før planen vert utarbeidd, skal det utarbeidast ein overordna analyse av risikofaktorar i kommunen si verksemd. Denne analysa skal ligge til grunn for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Det nye kontrollutvalet vil i sitt først møte bestille utarbeiding av ei slik analyse

Utvalet sine medlemmer kom med innspel om følgande aktuelle risikoområder som ein ønskjer å bringe vidare i arbeidet med dei overordna analysane:

- **Aukra omsorgssenter**
    - Organisering
    - bemanning
    - Innføring av digitale tenester
    - Økonomi
- **Heimetenestene**
    - Fleire oppgåver, bla. i forhold til førebygging

**Arbeidsplan for 2019 – Kontrollutvalet i Aukra**
Utvalet gjorde ingen endringar i arbeidsplanen i dagens møte.

**Handtering av etiske retningsliner i samband med tilsetning**
Utvalsmedlem Oddbjørg Sporsheim tok i møte opp ei problemstillinga knytt til bruk av Aukra kommune sitt Etisk reglement, i samband med tilsetjingar. Problemstillinga knyter seg til tilsetjing av slektning av einingsleiar. Reglementet vert opplev å vere veldig strengt, tidlegare har det vore ei meir liberal praktisering i kommunen.

<u>Kontrollutvalet si handsaming</u>
Sekretær opplyser at dersom rådmannen har følgt det reglementet som er gjeldande, så er det ikkje ei oppgåve for kontrollutvalet å følgje opp. Dersom politikarane opplever at reglementet har blitt utilsikta strengt, så må dette takast opp i samband med ei revidering av reglementet. Då er det kommunestyret sjølv som må ta stilling til ei endring av reglement.
Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak kommenterer at det er forvaltningslova som legg rammene for korleis dette skal vere, uavhengig av korleis reglementet er utforma.

<u>Konklusjon</u>
Oddbjørg Sporsheim takka for klårgjeringa, og trekker saka.

**Avslutning**

Sekretær takka utvalet for samarbeidet og for det store engasjementet som utvalsmedlemmene har vist i perioden. I neste valperiode vil det vere Sveinung Talberg som vil vere sekretær for kontrollutvalet i Aukra kommune.

| | | |
|---|---|---|
| Oddvar Hoksnes<br>leiar | Ole Rakvåg<br>nestleiar | Oddbjørg Sporsheim<br>medlem |
| Håkon Inge Sporsheim<br>medlem | | Jørgen Svenheim<br>varamedlem |
| Jane Anita Aspen<br>sekretær | | |

# AUKRA KOMMUNE
## Kontrollutvalet

| | |
|---|---|
| Saksmappe: | 2019-1547/05 |
| Arkiv: | 033 & 17 |
| Saksbehandlar: | Sveinung Talberg |
| Dato: | 23.10.2019 |

## Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 33/19 | Kontrollutvalet | 18.11.2019 |

### REFERAT OG ORIENTERINGAR

**Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Bakgrunn for saka**

**Referatsaker:**

RS 33/19 **PS 72/19 - Val av kontrollutval for perioden 2019-2023, samt val av utvalet sin leiar og nestleiar**
Særutskrift frå Aukra kommunestyre 22.10.2019 (vedlagt)

RS 34/19 **PS 24/19 – Kommunikasjons- og revisjonsplan 2019**
Protokoll frå kontrollutvalet i Aukra 25.09.2019 (vedlagt)

RS 35/19 **PS 25/19 – Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar med revisjon- revisjonsåret 2018**
Protokoll frå kontrollutvalet i Aukra 25.09.2019 (vedlagt)

RS 36/19 **PS 26/19 – Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019**
Protokoll frå kontrollutvalet i Aukra 25.09.2019 (vedlagt)

RS 37/19 **PS 27/19 – Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune**
Protokoll frå kontrollutvalet i Aukra 25.09.2019 (vedlagt)

RS 38/19 **PS 28/19 – Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Aukra kommune 2020**
Protokoll frå kontrollutvalet i Aukra 25.09.2019 (vedlagt)

RS 39/19 **Protokoll fra stiftelsesmøte og stiftelsesdokument i Møre og Romsdal Revisjon SA 23.08.2019** (vedlagt)

RS 40/19 **Innkalling og protokoll – Representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon SA 18.10.2019** (vedlagt)

RS 41/19 **AMU – Protokoll 18.09.2019**. (vedlagt)

## Orienteringssaker:

OS 13/19 **Opplæring/orientering om arbeidet i kontrollutvalet**
Orientering v/Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Sveinung Talberg
Rådgjevar

RS 33/19

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2018/1131-32<br>Arkiv: 033<br>Saksbeh: Anita Raknes Otterlei<br>Dato: 06.10.2019 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 72/19 | Kommunestyret | 22.10.2019 |

**Val av kontrollutval for perioden 2019 - 2023**

**Rådmannen si tilråding:**

Medlemmar i kontrollutvalet:
1
2
3
4
5

Varamedlemmar i kontrollutvalet:
1
2
3
4
5

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.10.2019**

**Behandling**

**Fellesforslag frå alle partia:**

Følgjande parti skal være med i **kontrollutvalet:**

**Medlemmar:**

1. Oddvar Hoksnes (KRF), leiar
2. Oddbjørg Sporsheim (V), nestleiar
3. Kristian Onsøyen (SP)
4. Anita Hoøy Rekkavik (AP)
5. Grant Solem (FRP)

**Varamedlemmar:**

1. Wilhelm Andersen (AP)
2. Jørn Thomassen (SV)
3. John-Harry Edvardsen (H)

Fellesforslaget på faste medlemmar vart samrøystes vedtatt
Fellesforslaget på varamedlemmar vart samrøystes vedtatt

**Vedtak**

**Kontrollutval for perioden 2019 – 2023 blir:**

**Medlemmar:**
1. Oddvar Hoksnes (KRF), leiar
2. Oddbjørg Sporsheim (V), nestleiar
3. Kristian Onsøyen (SP)
4. Anita Hoøy Rekkavik (AP)
5. Grant Solem (FRP)

**Varamedlemmar:**
1. Wilhelm Andersen (AP)
2. Jørn Thomassen (SV)
3. John-Harry Edvardsen (H)

**Vedlegg**
1 Skriv frå Forum for kontroll og tilsyn datert 01.07.19
2 Kommunelova §§ 23-1 - 23-7
3 Reglement for kontrollutvalet

**Særutskrift:**
Valde medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet
Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Økonomisjef

**Bakgrunn:**

**Utgreiing:**

I skrivet frå Forum for kontroll og tilsyn, datert 01.07.19, står det bl.a.:
§ 7-1 Konstituerande nmøte i kommunestyret
- Kontrollutvalet skal velges på det konstituerende møtet, etter val av formannskap, ordfører og varaordfører

§ 23-1 Kontrollutval

- Kommunestyret velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen skal ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren.
- Utvalget skal ha minst 5 medlemmer
- Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets medlemmer.

Utelukket fra valg er:

a. Ordfører og varaordfører

b. Medlemmer og varamedlemmer av formannskap

c. Medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare

d. Medlemmer av kommuneråd

e. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité

f. Ansatte i den aktuelle kommunen

g. Personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i

h. Personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

Kommunestyret kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmene velges på nytt.

**Administrative konsekvensar:**

**Folkehelsekonsekvensar:**

**Økoomiske konsekvensar:**

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Aaslaug Søreide
Servicesjef

Frå utvalet vert det understreka at rapporten revisjonen har laga er grundig og viser i stor grad at kommunen har det formelle systemet for brukarinvolvering på plass. Dette er positivt. Utvalet er difor noko undrande til kvifor det vert opplevd at det er ein del uro-meldingar frå pårørande. Kvifor er det slik, når systemet eigentleg ser ut til å vere på plass?
Det vil nok vere nyttig å få på plass systematiske brukarundersøkingar, og bruke resultata frå desse.

Forvaltningsrevisor Lillan Reder Kristoffersen, rådmann Ingrid Husøy Rimstad, einingsleiar heimetenester Nina Kristin Tomren, avdelingsleiar ved Aukra omsorgssenter Tora Gundersen og kommunalsjef drift Jan Erik Hovdenak kommenterte rapporten og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

**RS 34/19**

| PS 24/19 | KOMMUNIKASJONS/-REVISJONSPLAN 2019 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2019 til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ronny Rishaug presenterte planen og svarte på spørsmål frå utvalet.
Rishaug nemner at revisjonen også vil følgje særskilt med på kommunen si rolle i forhold til det nye eigedomsselskapet som skal etablerast, sjølv om dette ikkje er nemnt særskilt i planen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**RS 35/19**

| PS 25/19 | VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT TILSYNSANSVAR FOR REVISJON – REVISJONSÅRET 2018 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av dokumentet «Kontrollutvalet sitt tilsynsansvar 2018»

Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hatt revisjonsåret 2018, har vore forsvarleg.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretær kommenterte kort kva vurderinga er basert på.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

RS 36/19

| PS 26/19 | KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT TIL KOMMUNESTYRET OM UTVALET SI VERKSEMD I VALPERIODEN 2015-2019 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner vedlagte rapport om utvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 som vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret tek framlagt rapport om kontrollutvalet si verksemd i valperioden 2015 – 2019 til vitande.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet hadde ingen forslag til endringar i sekretariatet sitt utkast til rapport.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

RS 37/19

| PS 27/19 | REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I AUKRA |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet vedtek forslag til **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune, slik det går fram av vedlegg til saka.** Saka vert lagt frem for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kommunestyret godkjenner **Reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune**

**Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretæren gav utvalet ei orientering om dei viktigaste endringane som er gjort i forhold til tidlegare reglement.

Utvalet drøfta utkastet, og då særleg endringane i § 2 Val- og samansetting. Kontrollutvalet støttar sekretariatet sitt utkast til reglement.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

RS 38/19

| PS 28/19 | FORSLAG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE 2020 |
|---|---|

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2020 med ei ramme på kr 995 800.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet hadde ingen forslag til endringar i sekretariatet sitt utkast til budsjett.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

# MØTEPROTOKOLL

## STIFTELSESMØTE MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

FREDAG 23.08.2019 KL. 11 I KRISTIANSUND

Medlemmene ble innkalt til møte i epost 09.08.2019

### FØLGENDE MØTTE:

| Kommune | Representant | Vararepresentant |
|---|---|---|
| Aukra kommune | Rita Rongskog | |
| Aure kommune | | Lillian Wessel |
| Eide kommune | Egil Strand | |
| Giske kommune | | Britt Giske Andersen |
| Gjemnes kommune | Knut Sjømæling | |
| Kristiansund kommune | Kjell Terje Fevåg | |
| Molde kommune | Torgeir Dahl | |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Jon Aasen | |
| Norddal kommune | | Per Magnus Berdal |
| Rindal kommune | Ola T. Heggem | |
| Smøla kommune | | Ingrid R. Jünge |
| Stordal kommune | Eva Hove | |
| Sunndal kommune | Janne Merete Rimstad Seljebø | |
| Stranda kommune | | Arild Ringdal |
| Sykkylven kommune | Odd Jostein Drotninghaug | |
| Tingvoll kommune | Peder Aasprang | |
| Ørskog kommune | | Frode Andresen |

### MØTTE IKKE:

Averøy kommune, Fræna kommune, Haram kommune, Midsund kommune, Nesset kommune, Rauma kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Sula kommune, Surnadal kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune

## ANDRE:

| | |
|---|---|
| Per Ove Dahl | Styreleder Møre og Romdal Revisjon IKS |
| Veslemøy E. Ellinggard | Daglig leder i Møre og Romsdal Revisjon IKS |
| Kurt Anders Løvoll | Konstituert daglig leder i Kommunerevisjonsdistrikt 3 Møre og Romsdal IKS |

## ÅPNING AV MØTET:

Daglig leder i Møre og Romsdal Revisjon IKS ønsket velkommen til møtet og foretok opprop av kommuner. Hun orienterte om bakgrunn for, og prosessen som har vært ifm stiftelse.

SAK 1 GODKJENNING AV INNKALLING

Møteinnkalling ble utsendt til stifterne (kommunene og fylkeskommunen) 09.08.2019

**Vedtak:**

Innkallingen godkjennes

SAK 2 VALG AV MØTELEDER OG REFERENT

Forslag fremmet i møtet:

Møteleder: Torgeir Dahl

Referent: Kurt Løvoll

**Vedtak:**

Forslag fremmet i møtet vedtas

SAK 3 GODKJENNING AV SAKLISTE

Møteinnkalling ble utsendt til stifterne (kommunene og fylkeskommunen) 09.08.2019

**Vedtak:**

Sakslisten godkjennes

SAK 4 VEDTAK OM STIFTELSE AV FORETAKET MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møteinnkalling med forslag til vedtekter og sammenslåingsrapport ble utsendt til stifterne 09.08.2019

**Vedtak:**

Foretaket stiftes i tråd med saksdokumentene

SAK 5 TEGNING AV MEDLEMSSKAP

Forslag til medlemmer i foretaket fremgår av utsendte dokumenter

**Vedtak:**

Medlemmer godkjennes

SAK 6 FASTSETTING AV ANDELSKAPITAL

Forslag til andelsinnskudd i foretaket fremgår av vedtektene.

**Vedtak:**

Andelskapital godkjennes

SAK 7 FASTSETTING AV VEDTEKTER

Forslag til vedtekter fremgår av utsendte dokumenter

**Vedtak:**

Vedtekter godkjennes

SAK 8 FASTSETTELSE AV STYREGODTGJØRELSE

Forslag til årlig styregodtgjørelse:

| | |
|---|---|
| Styreleder | 90 000 |
| Nestleder | 45 000 |
| Styremedlemmer | 30 000 |
| Møtende varamedlemmer, pr. møte: | 3 500 |

Reisekostnader dekkes etter statens satser.

Valgkomiteen står fritt til å revurdere satser og sammensetning ved første ordinære årsmøte.

**Vedtak:**

Forslag til styregodtgjørelse godkjennes

SAK 9 VALG AV STYREMEDLEMMER

Deler av de politiske valgte medlemmene av forhandlingsutvalget har fungert som valgkomité i forkant av stiftelsesmøtet.

Det ble lagt frem følgende forslag til kandidater:

Styreleder: Johs Aspehaug

Nestleder: Heidi Blakstad Dahl

Styremedlemmer: Anita Øyen Halås, Anders Talleraas

Ansatte i nye MRR har valgt ansattrepresentant til styret: Ronny Rishaug med Solrun Tusvik som personlig varamedlem.

Følgende forslag til varamedlemmer i nummert rekkefølge ble fremmet i møte:

1. vara: Arne Sandnes
2. vara: Rita Rognskog
3. vara: Svein Atle Roset
4. vara: Odd Jostein Drotninghaug

Tilleggsforslag som ble lagt frem i møtet:

Styret velges for ett år.

**Vedtak:**

Valgkomiteens innstilling med tillegg av varamedlemmer fremmet i møtet vedtas.

Tilleggsforslag om at styret velges for ett år ble vedtatt.

SAK 10 VALG AV REVISOR

Det er gode erfaringer med revisorer for begge dagens selskaper.

Det er derfor innhentet tilbud fra begge selskapene og innstiller på å velge den med det økonomiske mest fordelaktige tilbudet.

**Vedtak:**

ES Revisjon AS velges som foretakets revisor

SAK 11 VALG AV VALGKOMITE

Følgende forslag til valgkomite ble fremmet i møtet:

Medlem: Eva Hove

Medlem: Kjell Nergård

Medlem: Torgeir Dahl

**Vedtak:**

Forslag fremmet i møtet vedtas

SAK 12 GODKJENNELSE AV STIFTELSESDOKUMENT

Stiftelsesdokumentet blir oppdatert med informasjonen som er vedtatt i de foregående sakene.

**Vedtak:**

Stiftelsesdokumentet godkjennes

Det fremkom ingen saker under eventuelt.

Møteleder hevet møtet etter at fremmøtte medlemmer signerte på stiftelsesdokumentet.

___________________________

# Stiftelsesdokument for Møre og Romsdal Revisjon SA

Stiftelsesmøte 23. august 2019

### Følgende stiftere beslutter å stifte et samvirkeforetak:

| Kommune | Adresse | Organisasjonsnummer |
|---|---|---|
| Aukra kommune | Nyjordvegen 12, 6480 Aukra | 964 981 337 |
| Aure kommune | Pb. 33, 6689 Aure | 989 913 898 |
| Averøy kommune | Pb 152, 6358 Averøy | 962 378 064 |
| Eide kommune | Rådhusvegen 7, 6490 Eide | 945 685 263 |
| Fræna kommune | Tingplassen 1, 6440 Elnesvågen | 845 241 112 |
| Giske kommune | Valderhaug 4, 6050 Valderøya | 964 980 721 |
| Gjemnes kommune | Nordmørsvegen 24, 6631 Batnfjordsøra | 964 981 426 |
| Haram kommune | Brattvåggata 19, 6270 Brattvåg | 964 980 810 |
| Kristiansund kommune | Pb 178, 6501 Kristiansund | 991 891 919 |
| Midsund kommune | Utsidevegen 131, 6475 Midsund | 964 981 159 |
| Molde kommune | Rådhusplassen 1, 6413 Molde | 944 020 977 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Julsundvegen 9, 6412 Molde | 944 183 779 |
| Nesset kommune | Kråkholmvegen 2, 6460 Eidsvåg | 864 981 062 |
| Norddal kommune | Pb. 144, 6211 Valldal | 939 396 268 |
| Rauma kommune | Vollan 8A, 6300 Åndalsnes | 864 980 902 |
| Rindal kommune | Rindalsvegen 17, 6657 Rindal | 940 138 051 |
| Sandøy kommune | Austrevegen 15, 6487 Harøy | 964 981 248 |
| Skodje kommune | Nihusvegen 3, 6260 Skodje | 964 980 454 |
| Smøla kommune | Pb. 34, 6571 Smøla | 945 012 986 |
| Stordal kommune | Kommunehuset, 6250 Stordal | 964 980 276 |
| Sunndal kommune | Pb. 94, 6601 Sunndalsøra | 964 981 604 |
| Surnadal kommune | Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal | 964 981 892 |
| Stranda kommune | Øyna 13, 6200 Stranda | 964 980 098 |
| Sula kommune | Pb. 280, 6039 Langevåg | 964 980 543 |
| Sykkylven kommune | Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven | 964 980 365 |
| Tingvoll kommune | Midtvågvegen 2, 6630 Tingvoll | 964 981 515 |
| Vestnes kommune | Rådhuset, Brugata 10, 6390 Vestnes | 939 901 965 |
| Ørskog kommune | Øyravegen 11, 6240 Ørskog | 864 978 932 |
| Ålesund kommune | Pb. 1521, 6025 Ålesund | 942 953 119 |

### Foretakets vedtekter

Foretakets vedtekter fremgår av vedlegg 1, som er en del av stiftelsesdokumentet.

**Styre**

Foretakets styremedlemmer:

| Rolle: | Navn | Adresse | Fødselsnummer |
|---|---|---|---|
| Styreleder | Johannes Arve Aspehaug | Giskevegen 144, 6052 Giske | 100366 ***** |
| Nestleder | Heidi Blakstad Dahl | Nergata 8, 6516 Kristiansund | 120265 ***** |
| Styremedlem | Anita Øyen Halås | Søndre Halåsveg 269, 6490 Eide | 210963 ***** |
| Styremedlem | Anders Talleraas | Bjørnstjerne Bjørnsons veg 98B, 6410 Molde | 040246 ***** |
| Styremedlem (ansattrepresentant) | Ronny Rishaug | Brennhammervegen 4, 6421 Molde | 011273 ***** |

Varamedlemmer til styret (numerisk):

| Rolle: | Navn | Adresse | Fødselsnummer |
|---|---|---|---|
| 1. varamedlem | Arne Øyvind Sandnes | Døvingssida 272 | 150247 ***** |
| 2. varamedlem | Rita Rognskog | Tangevegen 160, 6480 Aukra | 290362 ***** |
| 3. varamedlem | Svein Atle Roset | Stubøvegen 47, 6460 Eidsvåg i Romsdal | 050148 ***** |
| 4. varamedlem | Odd Jostein Drotninghaug | Sørestrandvegen 94, 6220 Straumgjerde | 290166 ***** |

Varamedlem ansattrepresentant:

| Rolle: | Navn | Adresse | Fødselsnummer |
|---|---|---|---|
| Varamedlem | Solrun Helene Aannø Tusvik | Heidegjerdet 17, 6030 Langevåg | 050671 ***** |

**Valg av revisor**

Årsmøtet skal i henhold til vedtektenes § 6 foreta valg av revisor.

ES Revisjon AS velges som foretakets revisor.

## Medlemskap og innskudd

Stifterne blir medlemmer av foretaket fra det tidspunkt stiftelsesdokumentet er undertegnet av alle stifterne. Stifterne skal til sammen innbetale kr 3.993.000 som innskudd. Innskuddsforpliktelsene fordeles slik mellom stifterne:

| **Kommune** | **Innskuddsbeløp/andelskapital** i hele kroner |
|---|---:|
| Aukra kommune | 84.000 |
| Aure kommune | 84.000 |
| Averøy kommune | 105.000 |
| Eide kommune | 84.000 |
| Fræna kommune | 105.000 |
| Giske kommune | 105.000 |
| Gjemnes kommune | 63.000 |
| Haram kommune | 105.000 |
| Kristiansund kommune | 336.000 |
| Midsund kommune | 63.000 |
| Molde kommune | 336.000 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 700.000 |
| Nesset kommune | 63.000 |
| Norddal kommune | 63.000 |
| Rauma kommune | 105.000 |
| Rindal kommune | 63.000 |
| Sandøy kommune | 63.000 |
| Skodje kommune | 84.000 |
| Smøla kommune | 63.000 |
| Stordal kommune | 63.000 |
| Sunndal kommune | 105.000 |
| Surnadal kommune | 105.000 |
| Stranda kommune | 84.000 |
| Sula kommune | 105.000 |
| Sykkylven kommune | 105.000 |
| Tingvoll kommune | 84.000 |
| Vestnes kommune | 105.000 |
| Ørskog kommune | 63.000 |
| Ålesund kommune | 500.000 |

Andelskapitalen foreslås fastsatt med 7 ulike intervall med bakgrunn i innbyggertall.

**Underskrifter:**

| Kommune | Underskrift | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|---|
| Aukra kommune | | RITA ROGNSKOG |
| Aure kommune | | LILLIAN WESSEL |
| Averøy kommune | | INGRID RANGØNES |
| Eide kommune | | EGIL STRAND |
| Fræna kommune | | TOVE HENØEN |
| Giske kommune | | BRITT GISKE ANDERSEN |
| Gjemnes kommune | | KNUT SJØMÆLING |
| Haram kommune | | VEBJØRN KROGSÆTER |
| Kristiansund kommune | | Kjell Terje Fevåg |
| Midsund kommune | | Odd Helge Gangstad |
| Molde kommune | | TORGEIR DAHL |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | | JON AASEN |
| Nesset kommune | | ROLF JONAS HURLEN |
| Norddal kommune | | PER MAGNUS BERDAL |
| Rauma kommune | | LARS OLAV HUSTAD |
| Rindal kommune | | OLA T. HEGGEM |
| Sandøy kommune | | Oddvar Myklebust |
| Skodje kommune | | DAG OLAV TENNFJORD |
| Smøla kommune | | INGRID R. JÜNGE |
| Stordal kommune | | EVA HOVE |
| Sunndal kommune | | JANNE MERETE RIMSTAD SELJEBØ |

| | | |
|---|---|---|
| Surnadal kommune | | LILLY GUNN NYHEIM |
| Stranda kommune | | ARILD RINGDAL |
| Sula kommune | | JIM-ARVE ROSSEVOLL |
| Sykkylven kommune | | ODD I. DROTNINGHAUG |
| Tingvoll kommune | | PEDER AASPRANG |
| Vestnes kommune | | GEIR INGE LIEN |
| Ørskog kommune | | FRODE ANDRESEN |
| Ålesund kommune | | TERRI SENIOR |

## Vedlegg

Vedlegg 1 Vedtekter

Vedlegg 2 Beregning andelsinnskudd

# VEDTEKTER FOR MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Vedtatt på stiftelsesmøte 23.08.2019

**§ 1 Sammenslutningsform og foretaksnavn**

Sammenslutningen er et samvirkeforetak med foretaksnavn Møre og Romsdal Revisjon SA.
Medlemmene hefter ikke overfor kreditorene for foretakets forpliktelser.

**§ 2 Forretningssted**

Forretningskontoret er i Kristiansund kommune. Det skal minimum være kontor i Kristiansund, Molde og Ålesund, med innbyrdes tilnærmet likt antall ansatte over tid.

**§ 3 Virksomhet**

Foretaket skal drive revisjon av de kommuner og fylkeskommuner som har medlemskap i foretaket, i tråd med den til enhver tid gjeldende kommunelov.
Foretaket skal fremme medlemmenes økonomiske interesser gjennom deres deltakelse i virksomheten. Foretaket forplikter seg til å dekke medlemmenes behov for revisjonstjenester, og medlemmene forplikter seg til å kjøpe hoveddelen av sine revisjonstjenester fra samvirkeforetaket.
Foretaket kan selge tjenester til andre rettssubjekter som eies helt eller delvis av et eller flere av medlemmene, eller til andre, så lenge den totale andelen av denne omsetningen ikke overstiger 20 % av foretakets totale omsetning.
Foretaket kan inngå på eiersiden i andre foretak eller selskap der dette er hensiktsmessig for oppfyllelsen av foretakets hovedformål.
Medlemskap er ikke åpent for andre enn kommuner og fylkeskommuner beliggende i Møre og Romsdal og nærliggende områder.
Foretaket skal være medlem i KS Bedrift. Foretakets ansatte skal ha offentlig tjenestepensjon i KLP.

Medlemmenes kontrollutvalg og valgte revisor har rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, fra selskapets daglige leder, styre og foretakets valgte revisor.

**§ 4 Andelsinnskudd**

Hvert medlem skal betale andelsinnskudd etter følgende fordeling, basert på innbyggertall:

| Folketall | Innskudd |
|---|---|
| Under 3000 | 63.000 |

| | |
|---|---|
| 3000-4999 | 84.000 |
| 5000-9999 | 105.000 |
| 10000-19999 | 180.000 |
| 20000-39999 | 336.000 |
| Over 40000 | 500.000 |
| Fylkeskommune | 700.000 |

Årsoverskudd skal ikke benyttes til å bygge opp kapitalkonti for enkeltmedlemmer. Utover dette gjelder bestemmelsene i vedtektenes punkt 5 om anvendelse av årsoverskudd.

Medlemmene skal ikke betale medlemskontingent.

**§ 5 Anvendelse av årsoverskudd**

Overskudd skal som hovedregel forbli i virksomheten og komme medlemmene til gode gjennom gode og effektive revisjonstjenester.
Beslutning om anvendelse av årsoverskuddet treffes av årsmøtet etter forslag fra styret. Det kan ikke besluttes anvendt et høyere beløp enn det styret foreslår eller godtar, men årsmøtet kan selv bestemme anvendelsen innenfor følgende rammer:
1. Godskriving av foretakets egenkapital
2. Etterbetaling til medlemmene basert på omsetning, jf. samvirkeloven § 27

**§ 6 Årsmøtet**

Årsmøtet velger fast møteleder med vara på det første møtet etter kommunevalg.
På det ordinære årsmøtet skal følgende saker behandles og avgjøres:
1. Godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder disponering av årsoverskudd.
2. Budsjett for kommende år etter forslag fra styret.
3. Økonomiplan for de fire neste budsjettår etter forslag fra styret.
4. Overordnede mål og retningslinjer for driften.
5. Valg til valgkomite og styre etter vedtektenes § 8
6. Valg av revisor
7. Andre saker som etter loven eller vedtektene hører under årsmøtet.

